



DOVRE KOMMUNE

MØTEBOK - PROTOKOLL

Utvalg/styre/ råd:	Møtedato:	Innkalling av:	Møtested:
Kontrollutvalet	3. april 2019	19. mars 2019	Båtsto

Til stede på møtet:

Av i alt 3 medlemmer var tre faste til stades.

Sekretær Morten Sørhage førte møteboka.

Møtet varte frå kl. 1300 til kl. 1500

Underskrifter:

Vi stadfestar at det som er ført på sak nr. 06 - 08/2019 er i samsvar med det som vart vedteke i møtet.


Johan Solli


Rannei Hovde


Frode Stordal

Utskrifter:

Protokoll frå kontrollutvalets møte går til:

- Medlemmene av kontrollutvalget og varamedlemmer.
- Dovre kommune, rådmannen
- Dovre kommune, v/ordføreren
- Innlandet Revisjon IKS

Møteinnkalling, sakliste og protokoll fra siste møte vart godkjent utan kommentar.

Under protokollgjennomgangen registrerte utvalet at sak nr. 02/2019 Forvaltningsrevisjon vart handsama i kommunestyret 11. mars 2019 i sak nr. 11/19. Utvalet presiserer at innstilling frå kontrollutvalet skal handsamast direkte av kommunestyret, utan innstilling frå rådmannen.



DOVRE KOMMUNE

KONTROLLUTVALGET

MØTEBOK

Kontrollutvalget	Møtedato: 3. april 2019	Saksnr: 6/2019
	Saksbehandler: Morten Sørhage	

BESTILLING AV FORVALTNINGSREVISJON

I plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2017 – 2021 har Dovre kommune gjort denne prioriteringa:

1. *Økonomi – sentraladministrasjon - analyse av nøkkeltal – analyse av gjeld – samanlikning av kommunane*
2. *Skule og oppvekst – mobbing og trivsel – tilpassa opplæring – kvalitet og resultat*
3. *Næringsutvikling – forvaltning av næringsfond.*
4. *Etikk og varsling*

Kommunestyret gav kontrollutvalet fullmakt til å gjera grunngeivne endringar i planen i valperioden, om utvalet finn dette formålstenleg.

Økonomi, pkt. 1, er ferdigstilt og vart handsama i sak nr. 02/19 den 15. januar. Rapporten vart handsama i kommunestyret 11. mars 2019.

Etter planen står tenesteområdet skule og oppvekst for tur. Framdrifta vart drøfta i arbeidsmøte 15. januar 2019, sak nr. 04/19. Under handsaminga vart dette protokollført:

Kontrollutvalet gjekk gjennom forslaget og drøfta alternativ til forvaltningsrevisjon. Vil vurdere rådmannens internkontroll. Problemstillingane skal ta utgangspunkt i system andsynes praksis, samt dokumentasjonen av systemet.

VURDERING

Rådmannens internkontroll er viktig for sakshandsaminga. Den gjev grunnlag for korrekt sakshandsaming og at innbyggjarane dermed får tenestene dei har krav på. Internkontrollen er derfor vesentleg i ei risiko/vesentlegheitsvurdering.

Den nye kommunelova, som trer i kraft frå 1.1.20, presiserer krav til omfanget og innhaldet i internkontrollen. Av den grunn må administrasjonen gå gjennom systemet. Kontrollutvalet må derfor gjera ei vurdering av kost/nytte- verdi av ein forvaltningsrevisjon på området. Ein forvaltningsrevisjon er omfattande. Ein kommune har fleire tenesteområde som skal omfattast av kontrollsystem.

Kontrollutvalet etterspør ein dokumentasjon av kontrollsystemet. Formålet med ei kartlegging er etter handsaminga i sak 04/19 å vurdere oppfølging av tilhøve internkontrollen har avdekt - praksis.

Etter sekretærs meining er det i utgangspunktet viktig å få ein oversikt over systemet. Dette kan gjerast med ein foranalyse. Denne kan kartlegge kva område som evt. skal utgreiast nærare og gje ei avgrensing av dei konkrete problemstillingane.

Forslag til vedtak:

- 1) Kontrollutvalet bestiller ein foranalyse/prosjektplan om internkontrollen i Dovre kommune
- 2) Utførande revisor er Innlandet Revisjon IKS

Handsaming:

Kontrollutvalet drøfta saka. Utgangspunktet med analysen er ei vurdering av overordna system for å avklare om noko må vurderast nærare. Plan for forvaltningsrevisjon har prioritert etikk og varsling som pkt. nr. 4. Utvalet set dette som ein viktig del av IK-systemet og ein prioritert del av analysen.

Vedtak:

- 1) Kontrollutvalet bestiller ein foranalyse/prosjektplan om internkontrollsystemet i Dovre kommune
- 2) Utførande revisor er Innlandet Revisjon IKS



KONTROLLUTVALGET

MØTEBOK

Kontrollutvalget	Møtedato: 3. april 2019	Saksnr: 07/2019
	Saksbehandler: Morten Sørhage	

VURDERING AV REVISORS UAVHENGIGHEIT

Vedlegg:

- Revisors vurdering av uavhengigheit
 - o Dagleg leiar
 - o Oppdragsansvarlege oppdragsrevisorar

Saksframstilling:

Kontrollutvalet sine oppgåver med rekneskapsrevisjon er heimla i Kommuneloven § 77 nr. 4 og Kontrollutvalgsforskriften kapittel 4.

Kontrollutvalet har eit ansvar for å sjå til at rekneskapane blir reviderte på ein forsvarleg måte. Dette er knytt til fleire forhold:

- At revisjonen skjer i samsvar med lover, reglar og god kommunal revisjonsskikk
- At revisor er uavhengig og oppfyller kvalifikasjonskrav
- At revisjonen følger eventuelle avtalar som revisor og kontrollutvalet har inngått

Kontrollutvalet fyller sitt ansvar for å sjå til at revisjonen blir utført på ein forsvarleg måte ved å gjennomføre aktiviteter knytte til oppfølging av revisjonen. Dette kan mellom anna omfatte revisor si uavhengigerklæring.

Sekretæren har vurdert revisorane si erklæring om uavhengigheit for 2019 og har ingen merknader til denne.

Forslag til vedtak:

Kontrollutvalet tek revisor si erklæring om uavhengigheit til orientering.

Handsaming:

Kontrollutvalet hadde ingen kommentar til orienteringa.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek revisor si erklæring om uavhengigheit til orientering.



DOVRE KOMMUNE

KONTROLLUTVALGET

MØTEBOK

Kontrollutvalget	Møtedato: 3. april 2019	Saksnr: 08/2019
	Saksbehandler:	

OPEN POST

Sekretær informerte om prosessen med samanslåing av Innlandet Revisjon IKS og Hedmark Revisjon IKS. Representantskapet i Innlandet Revisjon IKS har gjort vedtak om å fortsette verksemda som før..